

PARTSAMENSETT UTVAL/ADMINISTRASJONSUTVAL

TIL KYRKJELEG FELLESNEMND

Mål for partsamensett utval:

Å få til eit godt og tillitsfullt arbeidsmiljø mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar ved at dei tilsette får høve til påverka og ta medansvar.

1 Val og samansetjing

Administrasjonsutvalet er samansett av 6 arbeidsgjevarrepresentantar og 3 arbeidstakarrepresentantar.

Arbeidsgjevarrepresentantane er dei same som er vald frå dei tre fellesråda til å sitja i kyrkjeleg fellesnemnd.

Utvalet vel sjølv leiar og nestleiar.

Prosjektleiar er sekretær for utvalet og har møteplikt samt tale- og forslagsrett.

Kyrkjeverjene har møte- og talerett.

2 Mandat

Administrasjonsutvalet er fellesrådet sitt partsamansette utval etter Kyrjelova § 35. Utvalet har eit overordna ansvar i spørsmål av personalpolitisk karakter, og for å setje slike spørsmål på dagsorden. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom fellesråda som arbeidsgjevarar og dei tilsette, med utgangspunkt i Hovudavtalen § 10-1 «Administrasjonsutval/partsamensett utval».

3 Saker der utvalet har uttalerett

- ved tilsetjing av dagleg leiar for nytt fellesråd
- ved oppretting, nedlegging og ev. endring av stillingar i nytt fellesråd
- ved fastsetjing eller endring av reglement som gjeld arbeidstakarane, for eksempel permisjonsreglement, tilsetjingsreglement, reglement for administrasjonsutval, arbeidsreglement og ev andre lokale reglement.
- ved prosessar om utvikling og omstilling, inkl. nye planar for organisasjonen og dei tilsette. (jf. Hovudavtalen § 10-1 b)
- nye organisasjons- og bemanningsplanar
- uttala seg om nye stillingsinstruksar
- ved innføring av ny teknologi og vesentleg omlegging av dei tekniske hjelpemiddel
- framlegg til effektiviseringstiltak
- retningsliner for delegasjon til arbeidsutval og administrasjon
- ved andre saker av personalpolitisk karakter som fellesrådet legg fram for utvalet
- framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for nytt fellesråd

4 Møte i partsamensett utval

- Utvalet skal ha møte når leiar finn det naudsynt eller når minst 2 medlemmer krev det. For å ta vare på framdrift og kontinuitet bør det utarbeidast ein årleg møteplan for utvalet.
- Utvalet vert innkalla skriftleg med 7 dagars varsel. Saksdokumentata vert sende til medlemmer, og andre med møterett.
- Møta i utvalet skal haldast for opne dører jf. andre offentlege møte.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades, medrekna leiar eller nestleiar og begge partar er representerte. Vedtak vert fatta med allment fleirtal. Ved likt stemmetal avgjer stemma til leiaren.
- Prosjektleiar kan i samråd med leiar innkalla andre det er ønskjeleg å rådføra seg med.
- Det skal førast møtebok som vert sendt til medlemmar, 1. varamedlemar og andre med møterett så snart som mogeleg etter møtet.

5 Gjeldande periode

Dette reglementet vert gjort gjeldande fram til dato for samanslåing 01.01.2020.